



Kåre Romarheim
Leknesvegen 163
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1643 - 16/19274

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
05.07.2016

Gbnr 195/47 Leiknes. Løyve til deling for arealoverføring til gbnr 195/43.

Eigedom: Gnr.195 bnr.47 Leiknes
Adresse for eiged.: Leknesvegen 165 og 167, 5915 Hjelmås
Type tiltak: Deling av grunneigedom for arealoverføring
Heimelshavar: Kåre Romarheim
Søker: Kåre Romarheim

Saka gjeld:

Søker eig gnr.195 bnr.47 dette er ein fritidseigedom med eit areal på om lag 1200m². Det vert søkt om å få dele frå ein parsell på om lag 380m². På parsellen står i dag ein garasje. Parsellen skal overførast til gnr.195 bnr. 43. Dette er ein eigedom der det står både eit bustadhus og ei hytte. 194/43 har i dag eit areal på 900m². Søker eig også denne eigedommen.

Planstatus/dispensasjonar:

Eigedommane ligg i regulert område Fløsvika Bustadområde planid: 1263-201009. Tiltaket ligg i område BFS5. Området er sett av tilbustadbygging. Når den frådeltte parsellen er overført til 195/43 vert resten av 195/47 seld og bygd ut med bustadhus.

Tiltaket er i samsvar med planføremålet, men deling slik det er søkt om er ikkje synt i plankartet. Dispensasjon for deling er ikkje naudsynt.

Nabovarsel:

Det er ikkje naudsynt med nabovarsel då søker eig eigedommane det eventuelt gjeld.

Tilkomst/vassforsyning og avløp:

Deling slik det er søkt om endrar ikkje tilhøva for tilkomst, vassforsyning og avløp for nokon av eigedommane.

Det vert ikkje auka trafikk som følgje av tiltaket, og søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyring er ikkje naudsynt.



Uttale frå andre mynde:

Det er ikkje naudsynt med uttale frå andre mynde.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå ein parsell på om lag 380m² får gbnr.195/47 for å overføre parsellen til gbnr.195/43, slik det er søkt om og synt på kart vedlagd søknad motteken i kommunen 18.05.2016.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §20-1 og §26-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld frådelling av ein parsell frå gbnr.195/47 for å overføre arealet til gbnr.195/43. Tiltaket er i samsvar med gjeldande reguleringsplan og godkjend bruk.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen, vedteke av kommunen 17.desember 2015 gjeldande frå 01.01.2016, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med arealføremål, grensene ikkje fastsett i godkjend plan kr.6900,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak og partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker, jf. §§ 28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Kåre Romarheim

Leknesvegen 163 5915

HJELMÅS